


Osinggen

Årsskrift 1986
Utgjeve av Os Mållag



B. Hestvågen

Osingen 1986

Utgjeve av
Os Mållag

INNHOLD:

Bente Bratlund Mæland: Underfulle veg	side 4
Arne Aarseth: Fjellheim – midt i Osbygda	side 5
Marta N. Tveit: Skulen og lærarane sine kår i gamle dagar	side 8
Henning Henriksen: Flyg mine fuglar	side 11
Jostein Røttingen: Tradisjonsrik båtbyggjarverksemd i Brattholmen	side 12
Jimmy Øvredal: Tussa-Gurino	side 15
Moro-sider	side 16
Bernt Kristiansen: To reguleringsarkitektar	side 18
Margit Tøsdal: Tankar kring kvinnene i organisasjonslivet i Os	side 20
Samson Bjørke: I morgon er det for seint	side 24
Ingeborg Askvik: Dei sju undringens mil	side 25

Skriftnemnd:

Samson Bjørke
Henning Henriksen
Kåre Herdlevær
Margit Tøsdal

Framsida og teikningar:

Bernt Kristiansen

Trykk:

Risan & Larsen A/S, Os

Kr. 20,–

Til lesaren

Det var med ei optimistisk tru på at det også i Os var plass til eit årsskrift med lokalt stoff at Os Mållag i fjor gav ut det første årsskriftet i laget si saga. Mottakinga årsskriftet fekk var god, -svært god. Dette har gjeve oss tru på at dette skriftet dekkjer ein trong for lokalt stoff oppi alt det andre lesestoffet som strøymer på oss til jul.

Vi har også i år berre nytta innabygds medarbeidarar. Det gjev tryggleik og er med på å nøra opp under trua på at det her i bygda finst mange som sit inne med godt lokalt stoff, og som er villige til å bera det fram.

Det har vora vanskeleg å avgrensa stoffmengda. Årsskriftet er difor noko fylldigare i år, noko som vi vonar ikkje har redusert kvaliteten.

Os Mållag er ikkje av dei store i bygda. Det er heller ikkje av dei som er mest framme i media. Men det er råd å gjera gangs arbeid likevel!

Dei siste åra har laget hatt ein sterk medlemsauke og er no oppe i omlag 150 medlemmer. Men her er plass til fleire og det er berre å ta kontakt med eit av styremedlemene, som de finn namnet på annan stad i bladet.

Så vonar vi at årsskriftet også i år vert vel motteke. Vi ser gjerne at det også vert nytta som ei helsing til utflytte osingar. Desse vil kanskje ha serleg interesse av stoffet.

Lukke til og god jul!

Skriftnemnda




Helsing

Til _____

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå _____



Arne Mæland

Underfulle veg

Underfulle veg
opplyst av ei stjerne
Ikkje til slott
eller herskapsborg

Ingen kan undrast
over feilsteg
mot kongsgard
eller herrestol
Ingen kan undrast
over spørsmål
mot ein grå
kvardagsstall
og ei skinande stjerne
som kvilde over
eit barn i ei krybbe

Bente Bratlund Mæland

Fjellheim — midt i Osbygda

Av Arne Aarseth.

Den gamle storstova i bygda, Fjellheim, er vel ikkje lenger så staseleg som ho var i 30- og 40-åra. Men framleis er ho nok sjølv sentrum for kulturlivet for mange. Det gjeld både dei som brukar Fjellheim i dag og dei som kan henda ikkje er så flittige no, men som ein gong såg på Fjellheim mest som sin eigen eigedom og som ikkje kunne la ei enaste veke gå utan å ta ein tur oppom.

— Fjellheim? Det har hatt alt å seia for meg! 71-åringen Lasse Kristiansen set seg godt til rette i godstolen og kveikjer pipa. Han tek eit par drag før han held fram mellom røykskyene:



Det gamle «Fjellheim», vigsla 26. febr. 1911, brann i 1936.

— Då det gamle Fjellheim brann ned i 1936, visste vi mest ikkje kor vi skulle gå for å skipa til dans eller skodespel. Det vart gjerne til at vi møttest på Kuvenstasjonen i ei skykkja og dansa etter munnspelet til Nils Olai Orrebakken eller til trekkspelmusikk frå Knut Kristiansen, som hadde skaffa seg eit enkelt durspel. Sommarsdagen kunne vi vera ute, eg håttar godt at vi pla samlast inne ved Guro Lyssand. Men Lyssandgutane og karane fra Osøyro kunne lett komma i krangel om jentene, så det var ikkje sjeldan det vart litt småkiv og knuffing.

Lasse ler og seier at dette har vel ikkje vore kjent i seinare tid heller.

— Men aldri noko alvorleg, legg han til, berre litt kalvadans.

Eg må smila sjølv når eg tenkjer på Nesttun- og Midtun-gjengane som herja i min eigen ungdom med slåssing og vanskar for dei som skulle halda orden i Fjellheim. Det var vel ikkje så rart at dansetilstellingane i Fjellheim i 60-åra hadde fast politivakt utafør. For Fjellheim var eit populært samlingshus då som no.

Dans og kino

Les ein Ossoga, er det mest uråd å bla gjennom kapitlet om lagslivet i Osbygda utan at Fjellheim er nemnt fleire gonger på kvar einaste side. Heilt sidan det gamle Fjellheim vart bygt i 1911, har organisasjonar og lag

brukt huset som base for dei mest ulike aktivitetar, gjerne og samstundes.

— Ungdomslaget hadde møta sine sundagskvelden i Fjellheim, seier Kristiansen.

— Men det hende ofte at det vart kollisjon mellom desse møta og kinoframsyninga. Då heldt vi i ungdomslaget til i småsalen medan filmen gjekk i storesalen.

Eg spør kven som dreiv kino den gongen.

— Jau, det var brørne Birkelund som hadde privat kinodrift med filmapparatet ståande nett i inngongspartiet. Etter 1938 fekk vi jo det nye Fjellheim med eige filmrom og kino etter meir moderne prinsipp.

Elles var det jo dansen laurdagskveldane, då. Den gjekk på børt mellom alle ungdomshusa i bygda, ein laurdag her og neste i Lysefjorden osv. Om det hadde vore gravferd i krinsen i dagane før laurdagen, vart dansen avlyst, seier Lasse med ein alvorleg nikk.

Eg er interessert i kven som stod for dansemusikken då han gjekk i Fjellheim og spør om det.

— Jau, ei stund var det den kjende trekkspelaren Håkon Hansen frå Bergen. Men han var dyr, sjølv om han spelte heile natta. Rekninga kom fort opp i 100 kroner og det var mykje pengar den gongen. I pausen kunne Erling Mortensen låna trekkspilet og etter krigen gjorde bror hans, Tor, det samme. På den måten fekk vi etter kvart eigne lokale krefter som kunne ta over spelinga.

Slik har det alltid vore, tenkjer eg. Det har alltid vore folk som vil spela i pausane. I 60-åra hadde vi Radøy-Elvisen som reiste rundt etter dei mest kjende orkestra i distriktet og fylte ut tomromma så godt han kunne. Og i dag er det heller ikkje fritt for at det kan komma ein og annan opp på scenen for å visa kunstene sine.

— Etter krigen vart det for tynt berre med trekkspel. Då kom slagverket. Du veit vi har hatt fleire gode trommeslagarar i bygda opp gjennom tidene, seier Lasse og nemner både Leif Nøss og sønene hans seinare, Dag Bjørnør og no Stein Inge Brækhus.

— Ein familie frå Nesttun var forresten svært populær i dei første åra etter krigen, dei spelte både trekkspel, mandolin og slagverk, bl. a.

Revyane samla bygda

— Men likevel er det dei andre aktivitetane i Fjellheim som står for meg som dei viktigaste.

Lasse Kristiansen hentar ei bok med bilde og tekstar frå 30-åra.

— Revyane. Dei samla bygda på ein annan måte enn dansen gjorde. Alle skulle sjå dei. Heile Os løfta i flokk for å få dei til. Og vi hadde mange gode krefter den gongen og. Sigurd Bugge var einestående med kulissene, og på scenen hadde vi Nils Hauge, søstera hans, Barbra, Alfred Nøss, Erik Bugge, Karla Særvold ...

Eg skyt inn at 'du var no med du og, Lasse'.

— Ja, svarar han.

— Eg begynte å bruka Fjellheim i 30 eller 31, trur eg. Vi hadde kjøpt oss ei gammal fele, bror min, Asbjørn,



Lasse Kristiansen som klokkar *Lerche* i *FRITIO* 1981.

og eg. Den gongen var det både salongorkester, eller Os Strykemusikk som den heitte, og hornorkester. Det var heilt naturleg for oss å ta del i det som gjekk føre seg i Fjellheim. Slik hadde det seg at vi snart kom med i turnarbeidet og. Men revyane var no liksom toppen, då. Han tenkjer seg om.

— Det var forresten ikkje berre revyar vi hadde. Då det nye huset stod ferdig, spelte vi *Til Sæters* ved innviinga. Eg må leggja til at teatersjefen på DNS var oppe og opna scenen. Det var den legendariske Hans Jacob Nilsen. Han var sporty nok til å hjelpe oss med sminkinga og Helga Bjørnør seier at eg ikkje vaska meg på tre dagar etterpå av di eg var så stolt, legg han til og ristar smilande på hovudet.

— Nei, Fjellheim. Eg veit ikkje kva det skulle blitt av meg om det huset ikkje hadde eksistert!

Kulturelt sentrum

Mange osingar vil nok vera av same meining som Lasse Kristiansen der. Ikkje noko bygg har stått så sentralt som Fjellheim. Det ligg bokstavig talt midt i bygda, men endå viktigare - det har vore det kulturelle sentrum i Os i snart tre mannsaldrar. La gå at lensmannen ikkje alltid har vore like glad for dansane der. La gå at benkane stundom har kjenst harde og dårlege. Men det er få stader som har greidd å vera samlingspunkt slik Fjellheim har vore.

Frå by'n veit vi at pene menneske ikkje gjekk i Turnhallen på dans. Det var for 'den gemene hob'. Slik har det ikkje vore i Fjellheim. Høg og lån fann kvarandre i den fuktige varmen frå veggane i huset. Alle gjekk i Fjellheim! Kort og godt. Anten det no var for å turna, for å vera med på basar eller for å svinga seg.

Fjellheim — romantikk og aktivitet

Anders Hauge jr. er like kategorisk som Lasse Kristiansen når han får spørsmålet om kva Fjellheim har hatt å seia for han og hans generasjon. Han trekkjer fram 'kulturpausen' i byrjinga på 50-talet då dei skifta frå strie til plater på veggane som prov på dette. Folk gjekk rundt seg sjølv og venta på at huset skulle opna att. Ingenting fungerte.

— Det er berre å vedgå, seier Anders og vert høgtidelig som han kan, — at Fjellheim står i ein heilt spesiell glans for oss som er fødte rett før 2. verdskrigen. Eg var ikkje gamle karen då eg tok til å gå på ymse tilstellingar for barn. Det var gutesong med Henriken under krigen, seinare turn og julatrefest.

Fjellheim hørte til på 17. mai og heile kulturprogrammet for Os-mønstringa i 49 gjekk føre seg der oppe.

— Men for oss ungdommar var det vel først og fremst dansen vi såg fram til. Dansen var ein måte å verta kjend med jamaldringar frå andre kantar av bygda. Det var like mykje ein møteplass som ein danseplass. Vi som gjekk i Fjellheim i starten av 50-åra, er framleis prega av eit spesielt samhald. Kan henda har det noko å gjera med at bygda den gongen enno var oversiktleg og lita. Men vi visste om kvarandre og spurde oss føre om det var ein eller annan vi ikkje såg.

— Øyakarane kom med spenn og drosje. Dei hadde fleire stogg undervegs frå Osøyro, den siste jamnast ved skifabrikken, om lag der Shellstasjonen ligg i dag.

Eg vil vita litt om kino og korleis det fungerte i åra etter krigen.

— Under krigen var det propagandafilmar som vi ikkje såg, men etterpå hugsar eg veldig godt at vi gjekk på filmavisa og på 5-en. Då var det å stilla opp i halvfi-retida for å sikra seg plass langt framme. Men det eg ser klarast for meg, seier Anders, er bussane som kom frå krinsane til 7-framsyninga. Det gjekk lange tog med folk frå «kinobilen» til Fjellheim. Og var du heldig, var der kan henda ei du hadde blunka ekstra godt til på dansen kvelden før.


— Så dei «rodde fjordan» som det står i diktet ?

— Ja, nettopp det ! Fjellheim må ta æra og skuld for litt av kvart, seier han og slår opp latterdøra.

Hjarterom og husrom

Romantikken har nok blømt blant ungdommen i og utafør Fjellheim som ved andre ungdomshus. Langs med Likbrekko og Kvednelvo var det mange som stod og heldt rundt kvarandre. I den tida då ein fekk komma inn att om ein hadde vore ein snartur ute, var ikkje det så farleg, sjølv om det var på kaldaste vinteren. Men seinare vart det strengare i døra. Stilen mellom ungdom vart kan henda noko meir laussloppen og alkoholbruken vart vanlegare heilt ned i dei yngste årsklassane. Då galdt det å køyra ei bestemt linje i døra. Du fekk ikkje komma inn om du synte deg rusa eller hadde vore ute.

Men kom du inn, hadde Fjellheim alltid hjarterom. Det vert hevda at då Tornado heldt avskilskonserten sin, var over 1200 innom dørane samstundes. Rett nok brukte dei lokala både oppe og nede. Det gjorde dei elles og, t.d. ved basarar. Dei eldre og dei minste sat oppe i salen og glodde forventningsfullt på årane dei hadde kjøpt,



Fjellheim slik vi kjenner det, vart vigsla 5. febr. 1938.

medan ungdommen prøvde lukka på skytebanen i kjelaren. Det var forfriskningar å få kjøpt og folk streifa rundt i huset på jakt etter kjende å drøsa med. Julatrefestane sameleis. Ungane fann kvarandre i tanande sprang i dei store lokala medan dei vaksne sette seg ned og slo av ein prat etter gammalt.

Fjellheim — meir enn eit ungdomshus

Fjellheim har ikkje slutta å fungera som samlingsstad for bygdafolk. Men som møtestad for alle generasjonar har huset sjølv sagt mykje mindre å seia enn før. Tida er ikkje slik at ein kan skipa til kjempejuletrefestar med full oppslutnad lenger, og basarane trivst best i dei mindre forsamlingslokala i Oskrinsen. Dette kjem nok delvis av at det no finst fleire alternativ i denne krinsen. Det kjem og av at huset er gammalt og nokså nedslite. Folk krev meir komfort og stil i dag enn dei gjorde før. Dessutan er det kan henda ikkje så vanleg no til dags at generasjonane møtest til leik og samkome ute. Ungdommen har sine stader, dei eldre sine.

Likevel, det er ikkje meir enn 30 år sidan det var kabaretar, konsertar og festar mest heile året. Det er heller ikkje meir enn 15-20 år sidan Fjellheim opplevte store nasjonale og internasjonale stjerner frå scenen, både som danseorkester og som rein underhaldning. Dette hugsar vi som ikkje er av dei eldste, men som heller ikkje høyrer til blant ungdommen lenger. Og vi har lett for å gløyma at huset stadig vekk er i bruk. Det er alltid lett å sjå ting på avstand og vera blind for det som ligg rett framfor nasen.

Det må vera lov å spørja: Kvar hadde Os Musikkforening vore i dag om det ikkje hadde vore for dei faste øvingskveldane i Fjellheim? Hadde det vore plass til å skipa til Os storband utan dette huset? Og korleis hadde det stått til med turngruppene som heilt opp til no har hatt hovudtreninga si i Fjellheim? Kor skulle ungdom-

men ha skipa til discodansane sine om ikkje det store kvitmåla huset hadde eksistert? Og ikke minst: Kva hadde vel FRITIO vore utan å ha ein samlingsplass, ein øvingsplass og eit framsyningslokale som Fjellheim, om det enn er aldri så lite tilfredsstillande i dag?

Nei, osingane elsker Fjellheim. Om det ser skrøpeleg ut, om toalett og garderobe er dårlege og sitjeplassane under all kritikk, så har det alltid vore sjølve storstova i bygda. Det er ikkje som eit vanleg ungdomshus. Det har aldri vore det heller. For Fjellheim har liksom tilhørt alle. Uansett eigarforhold har vel dei fleste kjent at dei har eigd ein bit av huset, dei og. Så mykje av ungdomstida har vore brukt i Fjellheim, så mange minne er knytta til det.

Difor er det leit å sjå at tida spring frå huset. Det vert på mange måtar ein spegel for oss sjølve. Er du ikkje klar over at du har eldest, kan du berre sjå på Fjellheim. Det er heller ikkje som før. Men vi har håp om og tru på at huset igjen skal stå der skinande og tenleg. Så får vi leita etter ungdomskjelda i mellomtida og sjå om det same kan henda med oss!



Lasse Kristiansen og Anders Hauge i ein scene frå «Elvatöt og børseskot» i 1981.

Skulen og lærarane sine kår i gamle dagar

Av Marta N. Tveit.

Det er knapt 250 år sidan barneskulen vart grunnlagt her i landet. Kåra både for skulen og lærarane har utvikla seg sterkt i desse åra, noko denne artikkelen gjev eit godt innsyn i.

Det er svært lite me veit om skule og opplæring i den katolske tida. Dei einaste faste skulane i landet var katedralskulane som først og fremst vart skipa for opplæring av prestar. Katedralskulane i Nideros og Oslo vart skipa alt føre 1150, og katedralskulen i Bjørgvin like etter. Håkon Håkonsson er nemnd som elev ved Nidaros' katedralskule fra 1211 til 1217.

For ålmugen var det ingen skule, men opplæring i dei ti bodorda, truedkjenninga og Fadervår ved presten og djaknen, gammalnorsk for deknene. Det ser ut som desse tekstane har vore omsette til gamalnorsk slik at folk skynda dei. Men ikring 1370 gjekk det gamalnorske skriftmålet i oppløysing. Ei tid fekk ein det sokalla mellomnorske. Men etter at Noreg vart sameint med Danmark, vart dansk innført som skrift- og undervisningsmål.

Reformasjonen vart innført ved eit kongepåbod, og vart ei syrgjeleg tid for Noreg. Kloster vart rivne, kyrkjer ribba for verdfulle eignaluter. Det sto ille til med kyrkjelivet, og dermed ogso med opplæringa. Det var for få prestar og dessutan 'en stor ulidelig mangel på sogne- degne'. Mange av prestane og deknane dugde svært lite.

I Ous prestegjeld vart den siste abbeden i Lyse kloster tilsett som den første soknepresten etter reformasjonen. Abbed Mathias Hansson var danske, hadde vore med i Kjøbenhavn i 1536 og hylla Christian den tredje som norsk konge. Men kor djupt Lutherlæra har site hjå han er uvisst.

Den første skulelova.

Den første rettelege skulelova er fra 1739, 'Forordning om Almueskole i alle Sogner'. Det var Christian den sekste si skulelov etter at han hadde gjort vedtak om konfirmasjonen i 1736. Etter 'Forordninga' skulle det vera 3 månader skulegang i 3 år. Bøndene i Noreg fann ut at dette ville verta mykje for dyrt. Og med 'Plakaten' av 1741 vart dette omgjort til at 'Hvert Præstegjæld skal have sit Skole-væsen for sig selv, og sin egen Skole-Cassa'. Her fekk faktisk bøndene ei 'sjølvstyring' som dei visste å nytta. Dermed vart det *ingen* skule. Det kan nemnast at i Bergen vart det bygd ein ålmugeskule i 1737. Det var Christi Krybbe skole, ein skule for fattigborna i kyrkjelyden til Korskyrkja. Den er soleis den eldste barneskulen i landet. Etter ymse vølingar vert den nytta den dag i dag. På gavlen står Christi Krybbes Skoler, anno 1740, truleg ferdigbygd i det året. Christi Krybbe har to skulebygg attmed kvarandre, truleg eitt bygg for gutar og eitt for jenter.

Noreg skal i 1989 høgtida 250 årsjubileet for grunnleggjinga av barneskulen i landet. Hovudhøgtida har



Christi Krybbe skole. Den eldste barneskulen i landet. Bygd i 1737.

Kyrkje- og Undervisningsdepartementet lagt til Bergen - sjølv sagt med Christi Krybbe skule som sentrum.

Skulelova av 1739 var på mange måtar føre si tid, og som nemnt, fekk kvart prestgjeld i 1741 løyve til å ordna med skulesakene sjølv. Til Ous prestegjeld høyrde 5 sokner, Os, Fusa, Strandvik, Hålandsdalen og Samnanger. Den 10. oktober 1742 kom 4 menn frå kvar av soknene saman på prestegarden hjå sokneprest Nils Leganger for å få i stand ein skuleskipnad. Det vart sett opp ein «Skolefundats for Ous Prestegjæld» med 20 paragrafar. Fundatsen vart godkjent av stiftbefalingsmann Møunichen og biskop Bornemann i mars 1743. Etter denne skipnaden skulle det tilsetjast 5 lærarar, ein i kvar sokn. Løna vart sett til 10 dalar for året med fri kost og hus for læraren der skulen vart halden. Skulen skulle berre vera 6 månader i året, og vera eit par veker i kvar grend. Til utlogene skulle kvar bonde betala 8 skilling, drenger 2 og tenestjenter 1 skilling. Dei som vart trulova skulle betala 4 skilling. Ellers skulle det vera ofring i kyrkjene 2 gonger i året til skule-utlogene.

Alt dette var greitt - på papiret. Men bøndene tykte det var for dyrt, og dei 'saboterte' planen. Dei sende ikkje borna sine på skulen. Dei klega på at dei som hadde sett opp fundatsen hadde vore for få og lite 'representative' for bøndene. 18. april 1750 vart ein ny fundats sett opp av eit meir folkerikt møte. Denne fundatsen var mest likelydande med den fyrre, men med litt lågare innbetaling frå kvar bonde, nemleg 7 skilling i staden for 8. Og no skulle skulen gå frå gard til gard. Dermed var grunnlaget lagt for ein omgangsskule i Os prestegjeld.

Da pietistane råde.

Christian den sekste var streng pietist, men rekna seg sjølv som «Konge av Guds Naade». Han brukte ustyrteleg med pengar til slottsbyggjning m. m. Han nytta berre tysk som mål. Han stengde alle teater i Danmark.

På denne tid fekk Bjørgvin ein biskop som var like nidkjer pietist som kongen. Det var Erik Pontoppidan. Han

var biskop i Bjørgvin frå 1747 til og med 1754. Pontoppidan sende brev til alle prostane i bispedømet med 52 spørsmål om alt vedrørande prestar, klokkarar, kyrkjelyd og skuleskipnad m. m. Etter svara han fekk, skyna han at det sto dårleg til med skulen på bygdene. Det var «Satans Værk», meinte han, at det sto so dårleg til med undervisninga. I 1737 hadde Pontoppidan gjeve ut ei katekismeforsklåring, «Sandhed til Gudfrygtighed». I 1740 hadde han gjeve ut ei salmebok. Etter Pontoppidan si meining skulle borna gå på skulen frå dei var 10 år. Først skulle dei læra lesa i bok. So skulle dei kunna katekisma utanåt, og seinare forklåringa, som vart til mykje møda for mange. Skrivning og rekning var berre for dei *lærerne* og slett ikkje for *jenter*.

I 1749 skipa Pontoppidan ein lærarskule. Det var «Seminarium Catecheticum» som vart lagt til Christi Krybbe skule i Bergen. Til dette seminaret skulle ein kalla inn «til Skolehold lysthavende, adstadige og gudelig sindede Bondedråenge». Dei skulle få fritt hus og kost, dessutan 1 riksdalar i reisepengar. Elevane måtte ha so mykje forkunnskapar i religion at dei ikkje trong læra meir. Men dei skulle verta dugande i «Catechisations». Heile skuletida var berre 5-6 månader. Etter at 38 «Bondekarle» hadde gått denne skulen, vart den nedlagt alt i 1751.

Frå Os prestegjeld var det 5-6 elevar som hadde gått på «Seminarium Catecheticum», og dei vart truleg lærarar i heimbygdene. Men dei hadde sjølv sagt ikkje lært so mykje i den korte læretida at dei utmerka seg på nokor vis. Til lærarar vart det ellers nytta bondegutar som hadde utmerkt seg under konfirmantundervisninga, og difor kunne alderen på lærarane stundom vera like ned til 15 år. Det var døme på det i Os. Løna var låg, nedsett i 1790 til 7 dalar året. Men det sume lærarar sette pris på var at dei vart fritekne for soldattenesta dersom dei sto so lenge som 6 år i læraryrket. Men offiserkorpset var ikkje nøgd med at ungdomar som truleg høyrde til

dei likaste, vart fritekne for soldattenesta. Og det gjekk so langt at biskop Arentz i 1770 sende rundskriv til alle prostane (det var dei som godkjende lærarane) at dei so langt det var råd måtte berre tilsetja «vanføre, halte, krogryggede og ellers smaa og uandseelige Personer til Skoleholdere saa at de ikke skal stikke de Herrer Officerer for meget i Øinene». Når ikkje biskopen hadde andre krav til lærarstanden, kan ein ikkje venta at vyrnaden var stor ute mellom folk flest.

Endå so langt fram som i Grundtvig si tid (N. F. S. Grundtvig, dansk prest og diktar, levde frå 1783 til 1872) var ikkje læraryrket rekna for noko. Grundtvig som var opphavsmannen til folkehøgskulen og har skrive: «Hva solskinn er for den sorte muld, er sand opplysning for muldets frende», meinte at arbeidet med å vera lærarar i barneskulen kunne ein setja ulærde 'Fruentimmer' til. Han skyna ikkje at det er i barne-åra grunnlaget vert lagt.

Det vart ikkje kravd at lærarane skulle greia skrive- og reknekunsten. Men dei fleste var nok skriveføre og hadde kanhenda litt kjennskap til rekning. Men so seint som i 1770 var det berre 30 av 60 konfirmantar i Os som kunne lesa i bok.

Geelmuyden var prest i Os prestegjeld frå 1747 til 1780 og ettermannen hans, Sandberg, til 1806. Begge var interesserte i skulen og såg til at lærarane gjorde si plikt. So truleg greidde alle konfirmantane kring 1800 lese-kunsten. I 1828 var det 240 born som gjekk på skule i Ossokna. Berre 11 hadde lært å skriva, og ingen å rekna.

Skulekommisjonen i arbeid

Like til 1816 var det berre presten som hadde tilsynet med skulen, men no skulle det vera ein skule-kommisjon som skulle stå for styringa i kvart prestegjeld. Presten - eller prosten - var sjølvskriven formann. Ellers var ogso kapellanen medlem, og dessutan var lensmennene, val-



Elevane ved Os skule kring år 1900. Lærarane er kyrkjesongar Engen (t.v.) og Tora Sandvik (t.h.)

mennene og medhjelparane i kvar sokn medlemmer. Dermed fekk skulekommisjonen i Os prestegjeld i alt 20 medlemmer.

Skulekommisjonen hadde det første møtet 27. sept. 1819. Der vedtok dei at det skulle vera 6 lærarar i alt, og den sekste læraren skulle Os-sokna få. Til løn åt lærarane skulle kvar bonde leggja 10 skilling og husmannen 5. (I 1816 vart verdet av ein skilling fastsett slik : 1 spesidalar = 120 skilling.) Lærarane skulle sjølv krevja pengane inn. Difor vart det mange gonger smått med løna. Biskopen kravde at kommisjonen skulle nemna opp innkrevjingsmenn. Skulekommisjonen gjekk med på *det*, for i neste omgang å gå attende til den gamle ordninga.

I 1825 gjorde skulekommisjonen vedtak om å kjøpa inn Grøgaards lesebok til borna og ei veggtavla til kvar skule. Fusa og Strandvik skulle få ein lærar saman i tillegg til dei 2 dei hadde før. Men då den nye posten vart utlyst i alle 5 soknene, so var det ingen som melde seg. So læraryrket sto ikkje høgt i kurs!

Etter den første *norske* skulelova av 1827 skulle borna omfram kristendom - som framleis var hovudfaget - ogso få opplæring i lesing, skriving, rekning, song og «forstandsøvelser». Kwart barn skulle ha 12 veker skule. I kvart prestegjeld skulle det minst vera ein fast skule med klokkaren i hovudsokna som lærar. Han skulle ha utdanning frå eit seminar og hadde plikt å læra opp omgangs-skulelærarane. Lærarløna skulle vera 20 dalar i året. Slikt såg ikkje skulekommisjonen i Os prestegjeld seg råd til. Dersom borna skulle få 8 veker skule i året, ville det krevja 12 lærarar, 4 berre i Os-sokna. So ordninga vart som før med berre 6 lærarar, og lærarløna var framleis berre 10 dalar.

I 1838 vart det skipa eit seminar på Stord. Det var to-årig. Skulekommisjonen vedtok i 1843 og kvart år deretter at dersom «et seminaristisk dannet Subjekt» ville vera lærar i bygda, so skulle han få 24 dalar i løn for året. Seinare vart summen auka til 35 dalar. Først i 1853 fekk Os-bygda ein utdana lærar, Henrik Steffensson Grindevoll. Men han reiste frå Os alt i 1862.

I 1855 vart soknene Fusa, Strandvik og Hålandsdalen skilde ut som eige prestegjeld. Os og Samnanger heldt fram saman.

1860 kom det bridge i skulelova. No skulle det verta faste skulekrinsar med *eige* skulehus eller leigt skulehus. Dersom det var mindre enn 30 skuleborn i krinsen, so kunne det framleis vera omgangsskule. - I Hegglandsdalen var dei so hepe at dei fekk leiga skulehus.

Dei første skulehusa.

I 1856 vart det vedteke at det skulle byggjast eit skulehus i Os. Skulehuset vart bygd på prestegarden. Det fekk litt jord til, og det vart den nye klokkargarden. Skulestova vart bygd med 10 alner i firkant (1 alen = 0,6275 m), og med ei lærarstova 7 1/2 alen gonger 7 alner og ein liten kjellar under. Huset vart teke i bruk i 1861. Neste skulehus vart bygd på Lekven. Det var monaleg mindre enn det på Os. Lærarstova t. d. var 5 1/2 alen gonger 4 3/4 alen. Huset var so dårleg bygd at byggmeisteren fekk utbetalt berre 4/5 av byggjesummen, og mykje måtte gjerast omatt. Men at skulestova var 1/4 alen for låg, kunne det ikkje gjerast noko med. I 1869 vart det gjort vedtak om at det skulle byggjast skulehus i Hegglandsdalen og på Sjøbøen i Lysefjorden. Husa skulle



Det eldste skulehuset i Lysefjorden låg på Sjøbøen og vart bygd i 1869.

vera omlag som skulehuset på Lekven, men vart bygde litt større.

I byrjinga av 1860-åra var det tilsett 4 lærarar i Os. Av dei var det to bondegutar, Haldor Midthus og Lars Tøsdal, som begge seinare gjekk lærarskulen på Stord. Dei hadde 22 dalar i årsløn. Ein seminarist (Henrik Grindevoll) hadde 35 dalar og klokkaren 45 dalar.

Det er freistande å fortelja litt om Lars Tøsdal for å visa kva embetsmenn tykte om bønder og om «skoleholdere». Lars Tøsdal (f. 1843) gjekk lærarskulen på Stord etter at han hadde undervist i fleire krinsar i Os. Han var trulova med prestedottera Magdalene Margrethe Koren Greve. Men far hennar, sokneprest Georg Døderlein Greve, godtok ikkje ein slik verson. Lars reiste då til Amerika (1870) og gjekk i prestelære. Det vart unngjort på 3 år. So kom han attende som prest. Då vart han godteken som verson av Greve «den grumme fader». - Men han ville ikkje ha vorte godteken som prest i den norske kyrkja. - Lars reiste attende til Amerika med kona, og var prest i norske nybygder i mange år.

Ikring 1870 var det i alt 5 lærarar i Os-sokna. Løna var truleg auka til 54 dalar for lærarane, og litt meir for klokkaren. Lærarane måtte syta for ljøs, oppvarming og reinhald i skulestova. Det viser korleis tilhøva var at då Haldor Midthus i 1877 søkte om å få kr. 1,50 i staden for kr. 1,30 for veka for utlogene, fekk han blankt nei frå heradstyret. (Då kunne han berre flytta frå skulehuset!)

Bernt Støp var sokneprest i Os frå 1873. Han hadde sjølv vore lærar, og var svært interessert i skulestellet. Det kan nemnast at i 1855 var skulebudsjettet 153 dalar. I 1875 var det kome opp i 1030 dalar. Sokneprest Støp døydd alt i 1877, men ettermannen hans, Arnold Meyer, var ogso interessert i skulen. Han var frå Bergen og hadde i fleire år vore lærar der.

Etter at parlamentarismen vart innført i Noreg, kom skulepolitikken til stadig å spela ei større rolle. I 1889 vart ordet 'almueskole' bytt ut med namnet «folkeskole». Skulekommisjonen vart bytt ut med eit valt skulestyre. Ei ny skulelov i 1896 vart eit viktig steg mot einskapsskule, d. v. s. at all vidare utdanning skulle byggjast på 7-årig folkeskule.

I mai 1885 vedtok Stortinget at landsmål skulle jamstellast med riksmål i offentleg styre og stell. Skulestyret i Os prestegjeld vedtok i 1896 at første bandet av Nordahl Rolfsen si lesebok på landsmål skulle innførast i

småskulen, og i 1899 vart landsmålsutgåva for storskule-
n også teken i bruk. Men først i 1909 vart landsmål
innført som skulemål i dei første krinsane i Os, nemleg
i Hegglandsdalen og Lønningdal. Dei andre krinsane kom
til litt etter litt.

Etter framlegg frå sokneprest Støp vedtok skolekom-
misjonen i 1877 at lærarløna skulle fastsetjast til 2 dalar
for kvar skuleveka og 4 ort i kostpengar. Alle lærarane
hadde seminarutdanning, og vyrnaden for skulen og læ-
raryrket vart større. Stundom var det mest ikkje måte
på kva alt lærarane vart valde til. Det kan nemnast at
den første klokkaren i Os som hadde full utdanning, Olav
Austestad, var i mange år medlem av heradstyret og var
i fleire bolkar varaordførar, var heradskasserar i Os frå
1855 til 1898. Han var valmann fleire gonger. Dessutan
hadde han også andre kommunale ombod. Han var godt
omtykt og var høgt vyrd i bygda. Men Haldor Midthus
slo vel alle rekordar når det gjaldt ombod. (Han er omta-
la nærare i ein eigen artikkel i Osingen 1985).

Mest alle lærarane heldt kveldskule for vaksen ung-
dom. Men gutar og jenter måtte gå kvar sine kveldar!
I 1888 fekk Os 'Amtskolen' til bygda. Men alt i 1893
vart den flutt bort.

I 1885 vedtok kommisjonen at Os burde få tak i ei
lærarinna til småskulen for nokre krinsar. Men dei krin-
sane det gjaldt, ville ikkje ha noko 'fruentimmer', og først
i 1896 fekk Os sin første kvinnelege lærar. Det var Tora
Landvik, seinare gift med Tomas Lekven.

Skulen i heile landet var i god framgang etter 1905.
Det kan nemnast at i 1906 vart lærarskulane gjort
3-årige. 1905 vart eit tidsskifte for landet med ei ny tid.
Men det vert ei onnor saga.

Litteratur:

Norsk allkunnebok,

Erling Kristvik: Læreryrket.

Sverre Steen: Bergen, byen mellom fjellene.

Nils Tveit: Os saga.

Nils Tveit: Ous prestegjeld, 1837-1937.

Flyg mine fuglar

Flyg mine fuglar
og syng for dei
som sit åleine
og kjenner seg lei.

Flyg mine fuglar
så langt av stad
og syng for dei
som ikkje er glad.

Flyg mine fuglar
og syng om fred
for dei som i angst
og otte seig ned.

Flyg mine fuglar
Syng trøystande ord
for alle lidande
born på jord.

Flyg mine fuglar
Syng kjærleik inn
hos dei som går
med eit hatfullt sinn.

Henning Henriksen



Tradisjonsrik båtbyggjarverksemd i Brattholmen

Av Jostein Røttingen

Byggjing av trebåtar har lang tradisjon i Os. Ein av dei som har halde tradisjonen ved like er John Brattholmen. I denne artikkelen får vi eit lite innsyn i arbeid og slit gjennom eit langt liv.

«Vågafjell», ein 63 fots kryssar, var eit av dei mange fartya som dreiv fiske på Lofothavet og andre fiskefelt langs den nordnorske kysten i etterkrigsåra. «Vågafjell» var det største fartyet som vart bygt i Brattholmen i Søre Øyane. Fartyet vart sjøsett i 1944 og overlevert reiaren frå Lofoten.

John Brattholmen, ein sprek 83-åring, er båtbyggjar i 3. ættleden, og med stort og smått har han bygt 114 båtar. Siste båten bygde John for 5 år sidan, men driv framleis med slipping og reparasjonsarbeid.

Frå Bjoarvikjo til Brattholmen

Historien starta i Bjoarvikjo i Lysefjorden, der Nils, bestefar til John bygde oselvarar. Han flytte seinare til Bakkadalen i Søre Øyane og heldt fram med båtbyggjinga her. Det gamle Bakkanaustet står framleis.

Far til John, som og heitte Nils, lærde kunsten å byggja oselvarar hos far sin. Han busette seg i Brattholmen i 1885, og tok til å byggja oselvarar i ei lita bu. Det er soleis godt og vel 100 år sidan den fyrste færingen vart sjøsett i Brattholmen. 8 dagar tok det Nils å byggja ein færing.

Tidleg krøkjast

Kring hundreårsskiftet begynte Nils å byggja spelbåtar og gavlabåtar. Spelbåtane var frå 18 til 22 fot og gavlabåtane målte om lag 28 fot. Spelbåtane vart brukt når notene skulle dragast til lands. Gavlabåtane lasta frå 60 til 80 mål. Eitt mål var 1½ hektoliter, so det var dryge båtar.

Det var hos John Lepsoy i Naustvikjo på Lepsoyo at Nils lærde å byggja desse båtane.

John var ikkje gamle karen før han måtte i naustet og hjelpe faren, som vanleg var i dei dagar. Båtane skulle tjørebredast inni, og det vart John sett til å gjera. Han hugsar godt at han kom på skulen og fekk skjenn hos læraren fordi han var so svart på nevene.

I 1919, 16 år gammal, begynte John i løna arbeid hjå faren. 30 øre var timeløna. Ein færing i dei dagar kosta 50 kroner.

Ei tid arbeidde John og faren hjå Arnt, Ingvald og Ingolf Johnsen. Dei hadde slipp og mekanisk verkstad på Bruarøyo. John ville at dei skulle byggja slipp sjølve i Brattholmen, men fekk ikkje faren med på dette.

Til sjøs og heimatt

Sidan det ikkje vart noko slippbyggjing, fann John ut at han ville gå stuertskulen. Etter 3 månader på skulebenken på Nordnes, reiste han til sjøs. Han var ute i 6 må-



Fyrste kutteren som vart bygd i Brattholmen like før sjøsetjing.



Fyrste kutteren er komen på sjøen. Mange arbeidstimar ligg bak eit slikt farty.

nader med ei månadshyre på 180 kroner, før han mønstra av i England. John hadde tenkt seg ut att med det same, men det var vanskeleg å mønstra i dei dagar. Han reiste difor heim.

Då John ville prøva å mønstra att, bad faren han vera heime. — Anten byggjer me slipp eller so reiser eg, sa John, og no gav faren seg.

Andreas Bruarøy var sjef for slippbyggjinga, og John var med og hjelpte han. Dette var i 1922, og året etter var slippet ferdig. Andreas spurde John kva han skulle ha for arbeidet.

— Eg får maten hos far medan du må kjøpa deg brød sjølv, so pengar vil eg ikkje ha. Men eg har slite ut to par kloggar på arbeidet, so eit nytt par hadde kome vel med, sa John. Og eit nytt par kloggar fekk han.

«Lykken», ei svenskbygd skøyte på 35 fot var fyrste fartyet dei hadde oppe på slippet. Namnet høvde godt, og slippinga gjekk fint.

Men det gjekk ikkje lenge før botnen svikta, og slippet tok til å siga. Dykkar måtte til for å retta han opp att. Mykje stein vart fylt uti, og på slutten måtte John like i Strøno og henta stein.

— Ein gong rodde eg att og fram i Strøno ei heil laurdagsnatt og førde på stein medan kameratane mine var i

ungdomshuset på dans. Eg måtte nøya meg med å trampe takten itte trekkspelmusikken i båten, fortel John.

Slippen vart vølt, men det gjekk mange år før han hadde stabilisert seg skikkeleg. Største fartyet dei hadde oppe var 80 fot.

På friarferd i Strøno

— Fyrste båten eg bygde var ein færing. Da var på dan tio eg trefte Borghild, og båt måtte eg ha når eg skulle i Strøno på friarferd, fortel John.

I 1926 gifta John og Borghild seg.

— Eg var med på båtarbeidet frå fyrste dagen eg kom i Brattholmen. Jobben min var å passa stimen, og so dreiv eg båtane itte kvart so karane bygde, fortel Borghild.

Helsa hennar har ikkje vore so god dei siste åra, men framleis tek ho eit tak ved sjøen når det trengst. Det er so leis hennar jobb å køyra vinsjen når båtar skal slippast.



Denne 50-fotaren gjekk til Finnmark.

For tung på neven

John bygde i alt 5 oselvarar, men såg snart at han var for tung på neven til so smikre båtar. Han var i faren fleire gonger og ville at dei skulle prøva seg på større båtar, men faren var ikkje so mota på det.

Frå midten av 20-talet og utover i 30-åra var det dårlege tider. Det var knapt med pengar blant folk, og båtbyggjarane fekk lite å gjera. John og faren heldt det likevel gåande.

John tok over etter faren i 1935, men faren var med og bygde båtar like til han døydde i 1948.

— Far var god å arbeida saman med, seier John.

Fyrst på året i 1937 kom ein mann frå Måløy og ville ha ein 50-fotar. Då hadde John og faren alt strekt kjølen til ein 50-fots kuttar på spekulasjon, Kontrakt vart skriven, og den lydde på 6500 kroner. Då skulle kutteren vera ferdig innreidd og i hukeferdig stand. Det ville seia at masta var ferdig, men reiaren måtte stå for rigginga sjølv. Kutteren var ferdig i 1938, og ein Union på 30 hestekrefter vart innmontert. Det var Haldorsen i Torsvikjo som stod for den jobben.

Tyskarane ville ha «Sæløy»

I 1940 stod ein 50-fots kryssar ferdig oppspanta. Fartyet skulle til Sulen. Tyskarane fekk nysst i dette og kom i Brattholmen og ville overta fartyet. Ein eldre tyskar førde ordet, og spurde kven som skulle ha fartyet og om pri-

sen. John svara på spørsmåla. Tyskaren baud då 5000 kroner meir.

— Kontrakt er skriven med fiskarane i Sulen, og dei skal ha fartyet, sa John.

Då for tyskarane, men kom att tre veker seinare. No baud dei 10.000 kroner meir enn det som stod i kontrakten, men John stod på sitt.

— Får me ikkje kjøpa båten tek me han, sa tyskaren.

— De kan vel ikkje ha hjarta til å ta båten frå fattige fiskarar i Sulen, svara John.

— Og skal de ta båten får de ta han som han står, da vert ikkje gjort meir frå mi sida, føydde John til. Båten var nett oppspanta og fem bordgangar var komne på.

— Då gav tyskarane seg, og sidan fekk me fred for dei, seier John. Sulingane kom og henta fartyet sitt i 1941, og kryssaren fekk namnet «Sæløy».

9 mann i arbeid

Det vart bygd tre 50-fotarar og ein 63-fotar, som er nemnd i innleiinga.

Samstundes som dei heldt på med nybygga var det også mykje reparasjonsarbeid. På det meste var 9 mann i arbeid i Brattholmen når dei store fartya skulle gjerast ferdige. Elles var 6 til 7 mann det vanlege. Til sine tider kunne det vera vanskeleg å få tak i fagfolk.

Smia var ein viktig del av båtbyggjarverksemda, og alle naglane var sjølvproduserte like til midten av 50-talet.

Tømmer vart kjøpt på Reksteren og Tysnes, men og frå dei ytste Hardangerbygdene. Tømmeret vart skore på Halhjem.

I 1941 kjøpte John sirkelsag. Året før var «tykkelsen» komen på plass. Dette var store framsteg, og no kunne dei skjera tømmeret sjølve.

Far til John var skeptisk med det same, men såg snart at det var gode maskinar. Likevel rørde han aldri maskinane, det overlet han til sonen. Til denne tid var det øks og sag som hadde vore viktigaste verktyet.

I 1954 tok John til å byggja turbåtar. Spurnaden etter desse vart etter kvart so stor at han måtte seia nei til mange. Båtar vart leverde frå Stavanger i sør til Hammerfest i nord. Jamvel ein svenske fekk bygd båt i Brattholmen.

Karl og Nils

Brørne til John, Karl og Nils, reiste lenge til sjøs, men også dei hadde lært båtbyggjarfaget.



Turbåtane vart det stor spurnad etter.



John og Borghild i sofakroken heime i Brattholmen.

Nils bygde hus i «Uro» på Røtingjo i 1934. Her laga han slipp og begynte med båtbyggjing. Største fartyet som vart bygt i «Uro» var «Liafjell» på 85 fot. Nils bygde mindre båtar mest like til han døydde for 8 år sidan.

Karl tok over huset i Brattholmen etter faren, og har slipp og naust ved sida av John. Karl fylte 85 år i sommar, og er i arbeid kvar einaste dag. Også han balar med sliping og vøling av båtar. Dei er oppflaska med hardt arbeid desse karane. Sjølv ein ungdom har tidsnok med å halda dei i arbeidet.

— Tjukt skidn på knena

Nett no er det plastbåten som dominerar på sjøen, men John har tru på at tre som båtvyrke kjem att, iallfall til fiskefarty.

På spørsmål om han hadde valt same yrket i dag, svarar John:

— Da hadde eg gjort, men då ville eg teke da litt rolegare. Ein gong eg var hos doktoren spurde han kvifor eg hadde so tjukt skidn på knena. — Jau, da kjeme seg tå adl krypingjo på naustgølve, sa John.

— Sjølv om da stundom var dårlege tider, har eg ikkje noke å klaga øve. Båtbyggjing har aldri vøre so god forretning, men kravo var ikkje so store før i tio. Følk va nøgde med da vetla dei hadde, seier John. — Arbeidsdagen kunne nok vera både lang og hard for å få endane til å møtast. Likevel hadde me tid å slå av ein prat.

Kan henda kunne denne livslærdomen til John vera til ettertanke for nokon kvar av oss, i ei tid der kampen om ein lønspose som aldri vert stor nok, synest å vera det viktigaste.

Beste måten

å halda seg orientert om kva som skjer på lokalplanet er å lesa

Midhordland

lokalbladet for Os og Fusa

Tussa-Gurino

Av Jimmy Øvredal

Ho var ikkje som dei hine, Tussa-Gurino. Ikkje så å forstå at ho sleit med kroppslige skavankar av noko slag, ho var visst endeleg lytelaus nok, *såleis*. Men tankelivet hennar spente over eit langt større register enn dei vanlege moldtrælane rådde med. Slik vart ho heitande Tussa-Gurino, fordi ho tenkte og gjorde ting annleis enn folk flest. Men ein ting var sams for både ho og dei hine: Dei hadde ei sterk tru på — og ein veldig respekt for dei underjordiske. Visseleg hadde dei ikkje *sett* dei, nett — men i så måte stod det sameleis til med både Gud-Fader og Gamle-Eirik, jamvel om Plassa-Mons'n hadde svore på at styggen stod ved senga og venta då han streid med dauden.

Ved vegen nokre hundre meter ifrå båtstøa ligg ein berghamar som heiter Berva. Det er eit lite skogkledd brot med elv på nedsida — og vegen imellom. Dei fleste av gamlegutane som sleit seg framom her med fiskesekken på ryggen, hadde høyrte dei underjordiske tala ut or haugen i mørkninga: Fisk og lever! Fisk og lever! Hadde dei då fisk i sekken, var det nærast sjølvstøtt å hiva ut ein fisk eller to til dei underjordiske, som ikkje kom seg på sjøen og fekk tak i slik mat. Det vart sjeldan snakka om dette emnet — men alle «visste om» dei som budde i haugen, og alle synte vørdnad for desse mørkret sine underlege og uklære skapnader.

Gjorde ein dei underjordiske imot, kunne ein rekna med litt av kvart. Støkken sat i folk i mange generasjonar etter den kaldslege hendinga med sorenskrivaren. Herr Muller. Ein sein haustdag han var eit ærend innover i dalen med skreppa si, hadde han fått spørsmål om «fisk og lever» då han kom til Berva-nakken. Han kvakktil fyrst, fortaldest det — som rimeleg kunne vera, men vart sidan arg — og gjekk bort og let vatnet på berget til dei underjordiske. Før han gjekk vidare hadde han jamvel sputta på berget — og banna på bymål. Det skulle han ikkje ha gjort. Det var ikkje så lenge etter at han ikkje sat i sorenskrivarstolen meir. Han var «tussete» vorten — heitte det. I tillegg var det vorte noko kluss med «vassføringa» hans, og dessutan var det snart heller ingen løyndom

at dei mange kvinnene hans miste interessa for han som *mann*.

Kva sjukdom som kom på han visste dei ikkje i byen eingong — men manndomen hans tærdest liksom opp og morkna vekk, på ein måte -. Nei, dei underjordiske hadde så visst sine rådgjerder mot dei som synte vanvørdnad.

Ein dag Tussa-Gurino kom slitande med fiskebøra si, let det i Bervahaugen: Fisk og lever! Fisk og lever! Men Gurino hadde berre fått stor fisk i dag — fem skikkelege storsei ar låg feite og blanke i strisekken — og ho gjekk framom utan å ensa dei. Ein ekstra middag eller to ville sakte koma vel med under ufsa. Dagen etter var Tussa-Gurino på sjøen att. Det galdt å nytta på medan det var bit i fisken. Men denne dagen beit ikkje fisken. Fjorden var som svart å rekna — og ikkje ein ugg kom over ripa. Nett før ho gav opp og skulle ro heim, sat snøret fast. Tussa-Gurino sleit og drog det ho vann, men noko heldt att. Endeleg gav fjorden etter, og tomme for tomme sleit Gurino oppover den ukjende og spanande fangsten. Om sider kom det nokre store bobler brestande opp — og så gråna det fram noko stort og svart i vassflata. To bøygde horn kom fyrst — og deretter to vasne augo i eit andlet som likna på ein mellomting av ei daud ku og ein mann med langt hår. Då skar Gurino av snøret — og den ukjende sukka i vassflata før han seig på plass att i fjorden sin. Etter dette vart Gurino tussete. Ho gjekk ut når andre var inne — og omvendt. Dessutan la ho stundom hovudet ned til jorda og «lydde under ætto» som ho sa. Ho drog aldri meir på sjøen — og heldt seg unna folk. Om nettene kunne ein høyra at ho song i den vesle stova si. Men *orda* var det ingen som kjende. Det var ikkje på menneskemål ho song. Og augo hennar var heller ikkje som andre sine: Dei hadde noko vått, vasslør over seg — og ho såg liksom *forbi* dei ho såg på — inn i ein heim som var stengd for andre.


I dag ligg Bervahaugen som før, og berre få kjenner løyndomen hans. Og få er dei som i dag kastar fisk til dei underjordiske i ein sein kveldstid. Svært, svært få —.



MORO-SIDER

av elevar frå 4. og 6. kl. ved Lysekloster skule

Hjelp
bilen
å finne
vegen til
Storgata 14



Gåter

Raud kom han
ridande
Raud er han kledd.
Hunden kan fria seg
men høna er redd.
(Løysing: Meitemarken)

Sonen dreg til skogs
før faren er vaksen.
(Løysing: Røyken)

Ler du?

Adam spurde Eva:
«Elskar du meg?»
«Ja, - kven ellers?»


«Hunden min er borte, Kva skal eg gjere?»
«Prøv med ein annonse i avisa du»
«Det hjelper vel lite, han kan då ikkje lese.»

MOLBOHISTORIE

Det var ein gong nokre som skulle gå ein tur. Og så skulle dei telle seg. Men dei kom berre til 6. Vi var jo 7 når vi drog heimanfrå. Så møtte dei ein mann. Og så spurte dei om han kunne telle dei, men han spurte om dei ikkje heller kunne dyppe nasane ned i det som kua nettop hadde lagt frå seg. Og så gjorde dei som han sa. Og dei talde hola og dei kom til 7. Altså hadde dei ikkje tald med seg sjøl.

LYSE-FJORDEN

Vi går i fjerde klasse på Lysekloster skule. Vi er 28 elevar. Vi har skule litt oppe i skogkanten. Skulen er om lag 10 år gamal. Her i Lysefjorden har vi eit fint hus der Ole Bull har budd om sommaren. Vi har ein kunstgras-bane og. Ellers har vi kloster-ruiner frå 1100-talet. Hellebakkane er eit stort nytt byggefelt. Over Søvikåsen er det forferdeleg dårleg veg. Lærarane kjem av og til for seint fordi det ikkje er brøyta der. I sommar var det ein delfin i Drangsvågen.



Kor mange såpebobler ser du inne i firkanten.

GÅTE

Kva er likskapen mellom eit slips og ei sol?
Svar: Begge går ned i vesten.

GÅTE

Kva er dette?
Eit tre med 12 greiner. På kvar grein er det 4 reir. I kvart reir er det 7 egg.
i kvart reir er 7 dagar i ei veke.
grein er 4 veker i ein måned og det 7 egg.
er det 12 månadane, dei fire reira på kvar
Svar: Året. Treet er året og dei 12 greinene

GÅTE:

Kva blir ein mann når han hopper i Raudehavet
Svar: Våt

VITSAR

Læraren: Kan du Marit sei meg kva vind er for noko?
Marit: Vind, det er luft som har det travelt!

Skal ikke de på skulen? Nei!!!
Kva for ei orsaking har de i dag?
Det er søndag.

GÅTE

Viss ein hane legg egg midt på grensa mellom Noreg og Sverige, kva nasjon fekk egget?
Svar: Ein hane legg ikkje egg.

Kvifor kan vi ikkje sende eit telegram til Washington?
Svar: Fordi han er død.

Kvem kjem på tvers inn i kyrkja?
Svar: Dåpsbarne.

Vinter-dikt

Vinteren er her
og snøen er kommen
fuglane er reist
og hausten er omme.

Skule-dikt

Rot og bråk
av gutar og jenter
Lærer som kjeftar
og pultar som veltar.
VI VIL HA FRI



Teikna strek frå 1 til 22.

To regulerings- arkitektar



Regulering av Osøyro har opp gjennom åra vekt mykje strid. I denne artikkelen fabulerer forfattaren om regulering generelt og om Osøyro spesielt.

Av Bernt Kristiansen

Legenda fortel at det var Romulus og Remus som grunnla Roma. Sidan gjekk — som det heiter — meir enn ein dag med til å byggja byen. Fram til vår tid er Roma reist og ruinert fleire gonger.

Men det står minnesmerke att etter stordomstider og stormannstankar.

Du kan tru på Romulus og Remus om du vil. Sikkert og visst er det i alle høve at grunnleggjaren av alle byar og tettstader heiter kryssande trafikk. Stor trafikk, stor by. Liten trafikk, lita bygd — til dømes Osøyro.

Her ser det vel ikkje nett ut som om folk har hatt for mykje av stormannstankar. På Osøyro er det reist buer, ikkje borger. På Osøyro er spinka og spart, ikkje span-

dert. Her står att medels store hus, medels gode — også estetisk og arkitektonisk vurdert. Slik kan det sjå ut til å halda fram. I Os må vi ta til takke med det mellomgode.

Osøyro er bygd som på slump etter vekslande vindretningar. Husa er sett opp slik det ein gong var trong for dei. Og pengane skulle *vara*. Dette har gjeve oss eit bygdesentrum med sjarme, javisst, men med svært lite særmerkt og minneverdig arkitektur. Osøyro er vadmels kvardag. Her har landsbymodellen fått råda alle dagar.

Dette er ikkje så underleg. Det var fiskarar, bønder, småhandlande og handverkarar som starta utbygginga. Dei sleit det dei makta, og dei sette tæring etter næring. Dei levde i ei tid som måtte lita på mann og merr, kjerring og keip.

Men så kom spirande industri og meir tyngd i hopehavet med omverda. Derneft kom den første store reguleringsarkitekten: *Jernbanen*. Det var kar som krov planlegging, krov kart og linjal. Dessutan gav han folket rute-tider å retta seg etter. Før hadde elv og fjord gjeve rytmen, no vart livsmønsteret smått om senn endra. Toget kom — mellom mangt anna — med nye byggjeskikkar. Landsbyen vakla ei tid, og hadde nære på vorte stasjonsby.

Ingen har lov til å klandra besteforeldra våre for det dei gjorde eller for det dei ikkje hadde overskot til å gjera. Det var mote, impulsar, hendingar og økonomi som styrde byggjekunsten deira. Og det må seiast: Bygningsmiljøet på Osøyro vart heiderleg, vart bra, men ikkje framifrå.

No er det nedslite.

No er vi i gang med å skapa nytt på gamal grunn, og det ser ikkje ut til at vi nøyer oss med småbitar av byggjelandet. Vi tek det heile i ein glefs. Vi byggjer om sentrum og periferi som samanhengande anlegg. På ein generasjon legg vi fast møster for lange tider. Basta. Stål og betong. Så får det syna seg om vi får grunn til å angra.

Vi har høve til det, for vi har flust med pengar, vi har mekaniserte krefter meir enn rikeleg, vi har ein bygnings-teknikk som ville få Farao til å gapa målbunden. Vi har matematikk-kunnskapar og dikkedikke-datamaskinar til kvar ei tenkjeleg oppgåve. Slik sett skulle det høva bra nett no å gjera noko storveges, noko genialt, noko romersk eller egyptisk som kunne stå som evig merke etter oss. Men oj og okk for ein tanke. Vi som ikkje synest vera i stand til å skapa *noko* med kvalitet, korkje estetisk eller på annan måte. Vi murar oss inne i plast og standardløy-singar som umogeleg kan tola neste tiårs mote.

På toppen av det heile har vi over oss den mektigaste reguleringsarkitekten som verda har sett til no: Vårherre *bilen*. Han gjer toget til barnemat og leikesak; gamal, rusten leikesak. For toget, *det* hadde folket på deling, og det

kom og gjekk som det skulle. Det bar framsteget med seg porsjonsvis — liksom rotta til bolet. Bilen, derimot, du store! Han maurar hit og dit som allemannseige. Han er universell. Frå Manhattan til Hegglandsdalen krev han arbeidsrom, svingradius og parkeringsplass, brølande og brummande til alle døgnets tider.

Då er det lett for oss — som elsker bilen — å gløyma at det faktisk er vi som har rattet under hand. Det er lett for oss å gløyma at bustadhuset, det som ligg ved sida av garasjen, det er også viktig. Eller vi kan koma til å gløyma at folk flest faktisk har ærend i butikken som ligg i vegen for — ja, vegen.

Vi kan vel vona, men ikkje for alvor tru, at vi får vera med på å styra utviklinga. Var det vilkårlege avgjerder attom kvart bygg før, så vert dei ikkje mindre vilkårlege no. Skilnaden er berre at *vi* er vilkårlege med armert betong der det før var tømmer — som til jord skal verta. Landsbymodellen, landsbytankegangen, krev nemleg at sterke krefter får sin rett, straks: Båten eit naust, hesten ein stall, toget eit spor og ein vognhall, bilen titusen parkeringsplassar og ein kingelvev av vegar.

Ein tettstad er alltid eit kamuflert vegkryss. I heldige høve vert det skapt eit triveleg miljø i tillegg; som i Roma, eller, i meir smålåten skala, på Osøyro. Robuste byar med høveleg sanerings-syklus toler nok bilen attåt dei mange andre prøvene. Veikare sentra, som Osøyro, kan stå i fare for å missa miljø-kamuflasjen. Og då står berre vegkrysset att.

Difor: Bruk bilen, men med vit. Vi skulle tenkja oss om, kan henda tenkja noko vidare og noko meir originalt enn det landsbymodellen strengt tatt vil ha oss til. Vi skulle byggja vidare på det arkitektoniske og menneskelege miljøet og så leggja asfalten der *vi* vil ha han — ikkje der det slumpar til å høva for bilen.

For mellom dei mange gode ting ved bilen, er også til all lukke det at han let seg flytta.



Tankar kring kvinnene i organisasjonslivet i Os

Av Margit Tøsdal

Lagsarbeidet i Os er eit imponerande stort og interessant område. Det er beundringsverdig at så mange tusen arbeidstimar årleg blir satsa i nettverket av lag og organisasjonar.

Dugnadsånd og tradisjon

Dugnadsånd er rett nok tradisjon i bondesamfunnet frå uralders tid, med grannelag og grend som grunnlag for folkeleg samliv. Mykje av dugnadstradisjonen har nok i vår tid blitt vidareført i det rike organisasjonslivet, og ikkje minst ofrar kvinnene både krefter, tid og pengar på frivillig innsats i sosialt og humanitært lagsarbeid.

Frå gamalt rådde uskrivne, ubrytelege lover for grenda-samfunnet, der medmenneskeleg ansvar var noko ein kunne rekna med.

Ved husbygging, onnearbeid, naturskade og liknande hørde dugnaden til.

Gulatingslov som slo fast grende-inndelinga ga endå til påbod om plikt for grannar til å laga malt og øl og koma saman til «drykkjelag» og gilde til visse tider på året.

Jamvel om det er litt av eit sprang frå den tids tilbod om sosial kontakt til vårt allsidige organisasjonsnett i dag, - kan ein likevel skimta ei ubrotten line av levande tradisjon.

Dei mange lag og organisasjonar fører framleis vidare grannehjelpa, kontakten og hjelpsemnda i bygdesamfunnet.

Kyrkja som den store møtestaden.

Frå Os saga og Bygdesoga for Os veit ein at det knapt

fanst organiserte lag hos oss før i siste halvdel av det førre hundreåret. Det vart dei nyskipa faglaga i jordbruket som ved sitt opplysningsarbeid la grunnlaget for seinare lagsarbeid i bygda.

Kyrkja var heile tida den store, samlande møtestaden for alle, og frå henne hadde skuleverket vakse fram.

Dei religiøse interessene stakk djupt i folket, men kvinnene måtte utruleg lenge stå på kunnskapens ventelister. I fordums reglement for skulen kan ein til dømes lesa at «kvinner, landstrykere og løsaktige personer må ikke bli lærere!»

Ja, endå så seint som på 1950-talet var lærebøker i bruk der fotnotar fortalde kva rekneoppgåver jentene i folkeskulen kunne sleppa å løysa!

Fleire av våre største forfattarar hadde alt lenge før århundreskiftet prøvt å motivera norske kvinner til nye oppgåver også utanom heimens fire vegger, og kvinnesaksorganisasjonar hadde fått sine tilhengjarar i byane.

Med sterke røter i kyrkje- og kristenliv vart det misjonsarbeid kvinnene i Os tok opp då dei skipa sine første kvinnelag.

Det var fire kvinner frå Søre Neset som alt i 1877 skipa den første kvinneforeininga her i bygda.

Det laget som no heiter Søre Neset misjonsforeining tok til med sitt arbeid få år seinare, i 1891.

Studerer ein lista over religiøse lag i Os, er det påfallande kor aktive kvinnene har vore heile tida både i barne- og ungdomsarbeid og i egne misjonsforeiningar. Dei har samla inn store summar til spreiding av evangeliet, - ikkje



Sjømansforeininga i Lysefjorden har møte hjå Vibeke Nicolaysen på Lysekloster hovudgard.

berre til misjonsmarkene ute, men og til sjømannsmisjon, indremisjon, samemisjon m.m.

Vibeke Nicolaysen, Lysekloster, skipa den første sjømannsmisjonsforeninga i bygda i 1912, og interessa spreidde seg raskt til alle krinsane. Serleg kvinnene har arbeidd iherdig i alle støttelaga.

Andre interessegrupper har gjort liknande arbeid for ymse kristelege føremål i sine klubbar, lag og foreningar.

Den frilynde ungdomsrørsla og skyttarsaka.

Inspirerte av tankane frå Grundtvigs folkehøgskule tok amtskulelærarar i Os opp arbeidet for den frilynde ungdomsrørsla før århundreskiftet. Eit rikt, variert lagsarbeid gav kunnskap og vidsyn, og her var kvinnene med i samarbeidet frå første stund, også som initiativ-takarar.

Skiping av eigne kvinnegrupper vart ikkje aktuelt i ein organisasjon der korsong, amatørteater, skogplanting, bokutlån og folkeviseleik var viktige lags-saker. Kvinnene gjorde ofte ekstra innsats i festførebuing og instruksjonsarbeid i barneleikarringar o. likn. Det var likevel ikkje før i 1960-åra at kvinnene og tok på seg formannsverv i ungdomslaga, noko t.d. protokollane frå Os ungdomslag og Hegglandsdalen ungdomslag syner.

Skyttar-saka voks fram litt før århundreskiftet som ei idrettsgrein med sterk stimulans av nasjonalkjensla på slutten av unionen med Sverige.

Alt frå skipingsåret 1891 hadde Os Skyttarlag to kvinner som medlemmer, men det tok omlag eit halvt århundre før jentene våga seg meir aktivt med i tevlinga. På skytebanane har dei gjort det godt.

Osjentene har greidd å hevda seg mellom landseliten på skyttarstemmer, - endå til med prinsessetitlar, så dei har gjort ære på osingane sine stolte skyttar-tradisjonar.

Song- og musikklivet-

Os har hatt gode kor, - også blanda kor - heilt fra århundreskiftet.

Kvinnene var ivrige i korsongen, men av og til skorta det på mannrøyster. Songarbrørne hadde nemleg m.a. sitt eige forum i Os mannskor.

Men i 1963 vart Jentekoret ved Os Ungdomsskule skipa, og med framifrå dugande leiding vart koret snart eit av dei beste i landet. Os-jentene vann første-prisar både i nasjonale og internasjonale kor-konkurransar, så Os har ofte hatt både ære og glede av songfuglane sine.

Os musikkforening og alle dei andre musikk laga i krinsane har alltid kasta glans over festen når dei har stemt i sine friske tonar.

Lenge var karane åleine ansvarlege for dei mange gode musikk-prestasjonane, men i seinare tid har musikkundervisninga i skulane saman med framifrå frivillig arbeid med korps-aspirantane endra rekrutterings-grunnlaget for korpsa.

Jentene har kome med over alt i bygda, og tydelegvis har deira medverknad ikkje drege ned det tradisjonsrike nivået.

Største bragd stod Os Musikkforening for nyleg då dei vann 2. premien i Nordisk meisterskap i janitsjarmusikk i Åbo i mai 1986. (Vinnarlaget var tidlegare Europa-meistrar!)

Tidlegare var kvinnene aktive som støttegrupper for dei utøvande, men no er dei aktivt med på alle område i kulturlivet, — ikkje minst i musikklivet.

Fullt hus på dei fleste konserter viser at osingane set pris på tradisjonar og eigenart i bygdemiljøet.

Sport og idrett

Idretten har i generasjonar hatt same sterke stilling i Os som songen og musikken. - Men jentene måtte lenge



Os Musikkforening i Finland 1986. Kvinnen er godt representert som aktive.

ta til takke med tribuneplass. Først i 1923 lukkast det å få i gang ein dametropp under leiding av Hjørdis Hansen frå Søfteland. 17.mai 1926 hadde dameturntroppen si første oppvisning på Osøyro. Før den tid hadde berre menn lov å driva idrett etter lovene i Os Turnforening. Lovendring kom i 1927, og med den kom og jentene med for alvor. Dei gode resultatata har ein ofte nok sett prov på.

Avisene har fortalt om handball-jenter fra Os som var innom i 1.divisjon, og med den nye breidda i kvinneidretten har Os-jenter også oppnådd toppresultat i gangsport, bordtennis, segling, symjing, roing såvel som i skyting med meire. Fleire kvinner held og fram med mosjonssidrett og tar idrettsmerke fram til statuettnivået og lenger.

Tordenskjolds soldatar i lagsarbeidet.

Ein stutt artikkel gir ikkje rom for eit fullverdig bilete av alt det arbeidet kvinnene yt i organisasjonslivet.

Berre på kultursektoren finst det omlag 150 lag, og kvinnene tar sin del av medansvaret i dei fleste.

I dei ca. 40 laga som driv ymse barne- og ungdomsarbeid er kvinnene serleg aktive, og det same kan seiast om dei 46 laga som driv ideelt og kristeleg arbeid rundt i heile bygda.

Heile 30 lag driv idrett og friluftsliv, medan 33 lag sorterer under definisjonen «kunstnarleg utfolding» i årsmeldinga frå Os kulturutval.

I tillegg kjem interesseorganisasjonar av ymse slag, fagrørsla, yrkesorganisasjonar, politiske lag, ulike humanitære og sosiale støttelag, ymse avhaldslag, Soroptimistane, kvinnegruppa i Os, vel-foreningar og samarbeidsorgan mellom heim og skule.

I sistnemnde gjer kvinnene ofte ein iherdig innsats rundt i alle krinsane. Os har truleg ei rekkje «Tordenskjolds soldatar» som gjer storarbeid i fleire ulike lag og organisasjonar.

Dei serskilde kvinneorganisasjonane og husproblema

Som døme på drivande godt kvinnelag bør vel Os sanitetsforening nemnast først. Heilt frå Signy Grindevoll si lange formannstid er det kvinnene som har utført arbeidet der, endå om det og finst mannlege medlemmer i «Saniteten».

Frå eit medlemstal på 13 i skipingsåret 1913, har sanitetsforeninga tildels vore oppe i eit medlemstal på ca. 1300 ! Det ligg sanneleg flittig innsats bak dette talet.

Så viser det og att etter alt arbeidet laget har utført!

Lenge var kampen mot tuberkulosen hjartesaaka, men seinare vart det kampen mot reumatismen, eldreomsorga, sjukestell i heimane og ei rekke førebyggjande helseiltak som krov størst innsats. Den tradisjonsrike mai-blomen og dei farge-glade fastelavensrisa har skaffa tusenvis av kroner til det allsidige hjelpearbeidet.

Fleire andre lag med mange kvinner som medlemmer har og gjort gagns arbeid for folkehelsa. Os frivillige menighetspleie har heilt frå før den første verdskrigen gjort eit stort arbeid for medmenneske i bygda.

Deira arbeid er no overteke av Diakonaten, og innsatsen der er til nytte og glede ikkje minst for mange eldre i Os.

Mange kvinner og menn arbeider for folkehelsa i organisasjonar med spesielle føremål, - som t.d. Os astma- og



Bondekvinnene i Os på landsmøte i Norges Bondelag 1939.

allergiforening, Os diabetiker forening, Norsk Folkehjelp, Røde Kors og Ungdommens Røde Kors m.fl.

Tidleg på 1930-talet skipa Anna Marie Saakvitne K.F.U.K.-speidarlag i Os, stutt etter at Torbjørn Vik hadde teke opp speidararbeid for gutar. M.a. var vern om naturen ei hjartesak for speidarjentene på 30-talet, og ingen speidar med respekt for seg sjølv og sine medmenneske kunne finna på å kasta papir eller anna avfall ute!

Desverre har det gått til atters med kampen mot forsoplinga av naturen, så her er det framleis storarbeid som ventar dei mange unge i alle speidarlaga rundt i bygda. Andre lag arbeider og for naturvern og estetiske verdiar på ulike plan, heldigvis!

Os hagelag høyrer til slike, og her har mange Os-kvinner funne eit fengslende arbeidsområde. Etterkvart har og kvinnene teke på seg formannsverv her på likefot med mennene.

Å spreida kunnskap om hagestell er eit opplysningsarbeid som det bokstaveleg talt viser etter!

Den første barnehagen i Os var det Os arbeidarkvinnelag som skipa på 1950-talet då dei enno arbeidde som serskilt kvinnelag.

Retten etter krigen var det ordningar med husmorvikarar og heimhjelparar arbeidarkvinnene arbeidde ivrigast for. Men barnehagemangelen måtte dei og prøva å rå med. Ved dokkelotteri m.m. og kommunale tilskot greidde dei å få i gang ein barnehage i Holt, nærmast som ei parkverksemd utadørs. Seinare fekk dei leiga husrom til borna og dei to tilsette «tantene» i Yrkesstova, men etter ei tid vart det bruk for lokalet til andre føremål, og parkverksemda måtte leggjast ned. Etter omlag tretti års arbeid melde Os arbeidarkvinnelag seg inn i kommune-partiet i slutten av 1970-åra då det vart mindre vanleg å driva med serskilde kvinnegrupper i det politiske arbeidet.

Om husbygging og praktiske oppgåver

At husrom er viktig for alt lagsarbeid er ei røynsle som fleire kvinnelag i Os har teke konsekvensen av.

Når eigarar av bedehus og ungdomshus kunne makta sin økonomi, så kunne vel og kvinnene greia å byggja hus til sitt arbeid?

Først ut som «byggheerrar» var Os husflitslag og Os Bondekvinnelag. Alt i fredsdagane sikra dei seg ei nedrivne tyskarbarakke til ombygging, og i 1946 stod «Yrkesstova» ferdig.



Os Musikkforening 1904. Kvinnene var nok ikkje aktive den gongen.

Der har begge kvinnelaga i alle år seinare drive møteverksemd og ei lang rekke skapande aktivitetar. Handverket har alltid stått høgt i Os, og husflitslaget har i heile etterkrigstida gjort ein storveges innsats for å halda i hevd dei kvinnelege handarbeidstradisjonane gjennom vedvarande kursverksemd.

På den første Os-mønstringa i 1949 vart 432 utsøkte produkt utstilte, og desse viste at kvinnene sitt heimeyrke var fullt på høg med karane sine gode handverkstradisjonar. Både bondekvinnelaget og husflitslaget tok opp nyttige saker for familie, heim og hushald, og laga vart og trivelege tilbod i det sosiale livet.

I 1959 var det sanitetskvinnene sin tur å byggja hus. Då reiste dei det fine bygget sitt på Landboden, Os.

Det var behov for møtesal, lækjarkontor og fysioterapisenter m.m., og alt i 1979 greidde sanitetskvinnene å finansiera eit stort, fint tilbygg til Sanitetshuset.

Dette lokalet har vore nytta av kommune, organisasjonar og privatfolk til ei lang rekke føremål, attåt alle dei mange tilstellingane i eigarlaget.

Os husmorlag tar opp bygge-stafetten.

Med sine vel 100 medlemmer har Os husmorlag i mange år gjort storarbeid i lokalmiljøet til beste for heim, born og familie.

Alt før dei fekk eigne lokale, dreiv dei barnehage og førskule på Os, og berre fire år etter at dei hadde fått tomt av kommunen, kunne Husmorlaget slå opp dørene til sitt

stilige lagshus med rom for både førskule og barnehage. To mill. kr. og mange dugnadstimar var gått med før huset stod ferdig i nov. 1985. Sameleis som kvinnene i dei andre organisasjonane har også husmorlaget hatt eit vake auge for behova i tida. Med det praktiske bygget har husmødrene løyst ei viktig hastesak til beste for våre minste. Det kunne blitt lang ventetid dersom barnehagen på Flåten hadde blitt prisgitt den kommunale løyvingprosessen utan driv frå kvinnene sjølve.

Også pensjonistane treng eige møtelokale.

I august 1985 stod det «gladnytt» i lokalavisa vår:

Pensjonistlaget har flytta i eige bygg, i eit «sprudlande» eldresenter!

Åtte år og 3,5 mill.kr. tok det frå ide til realitet.

Det trivelege senteret har rom til 250 menneske, også her har kvinnene gjort ein serskild fellesinnsats.

Dameklubben i pensjonistlaget har ved loddsal m.m. samla inn 200.000 kr! Dermed har dei greidd å skaffa alt utstyret til storsal, peisestove og kjøken i det vel utstyrte huset!

«Få dei eldre ut av gyngestolen og hald dei i aktivitet», sa formannen då dei innvigde «Elvegården».

Det er så sant som det er sagt, men det er liten fare for at dei mange medlemmene skal hamna i gyngestolen før det er strengt nødvendig. I senteret kan ein stikka innom til ein kaffi-prat eller bli med i pensjonistkoret.

Kanskje vil somme hugsas at det var pensjonistane som

hadde folkedans-framsyninga i «Fritio»-veka for ei tid sidan?

Men kva med framtidsutsiktene?

Med det frodige lagsarbeidet i Os treng ingen skjermast over-aktivitetsnivået i organisasjonslivet, -aller minst kvinnene!

Bygda nærmar seg visst snart det som Tage Erlander i si tid såg som eit samfunnsmål, - nemleg «valfridomens samhälle».

Generasjonars innsats i eit fritt folkestyre har lagt gode vilkår til rettes, men ny tid skaper nye utfordringar.

Skogen av folkelege organisasjonar er godt byggemateriale for framtidssamfunnet, for fritida kan bli aukande i teknologiens og automasjonens tidsalder. Men uløyste oppgåver vil alltid gjera frivillig innsats nødvendig. Men kva med kvinnene sine oppgåver i åra framfor oss?

Ny gransking fortel oss at enno har dei færreste kvinner i Os dobbelt yrke. Likevel veit ein at jentene no er i

fleirtal i vidaregåande skule i landet, og har ein sagt A vil ein seia B. - Utdanning fører til fag og yrkesarbeid. Fleire kvinner vil nok etterkvart ha arbeid også utanom heimen, og når arbeidstida går mot uendeleg, går fritida mot null, - det er enkel matematikk!

I mediasamfunnet kan det bli eit problem å finna nok frivillig arbeidskraft til å halda opp dei gode tradisjonane i organisasjonsmylderet. Det blir for få timar i døgret for somme!

Då får ein trøysta seg til spøken frå ein finsk kjenning. Han seier det slik: «Det är inte behövlig för unga människor att sova mera än två timmar i dygnet-, i arbetstiden!»

Kjelder:

Bladet Midhordland

Edvard Os: Kjømeisteren

Nils Tveit: Os saga

Bygdebok for Os

Årsmelding frå Os kulturutval. 1985.

I morgon er det for seint

Det kom ei sky
med vårregn til vårt land.
Groen fylte seg,
frodig blei fjell og strand.
Det kom ei sky frå aust.
Varsla ho vår — haust?

Frå fjell spring dyr i lette trav,
Strøymande lik elvar
mot bygda.
Kvar gong kom han med ei glede til deg,
den trufaste sau.
I år — ei helsing frå dauden?

Vår eld har brunne
i tusen år.
Eit folk i vokster fekk trygge kår.
No vil andre krefter rå.
Me fekk ei spire av ukjend frø.
Skal dette bli vårt brød?

Kvar er du frende?
Leikar du deg med livet åt våre born?
Skjønar du ikkje at det du gjer
fører oss på utrygg veg.
Frende!
Vis verda ei betre lei.
Byrja med Dounreay.

Dette er ikkje mitt bord,
det er andre sitt.
Eg er so liten, dei høyrer ikkje mine ord.
— Høyr etter. No er det alvor meint:
Dette er ditt og mitt liv.
Kjemp i dag!
I morgon er det for seint.

Samson Bjørke



Dei sju undringens mil

Av Ingeborg Askvik

Eg ruslar opp gjennom Bjørkelidalen.

Det er tidleg morgon og det er sundagsfred. Vegen opp gjennom her er berre eit trakk. Far etter hov og klauv, labb og skosole. Her lyt foten trø varleg, og bra er det; for her er so mykje å sjå og mangt å lye til. Og når du ruslar slik åleine, so ser du ikkje berre ein mosedott, men du får og auga på alle dei bitte små blommar den har fått. Småfuglane fer i tanande flog, att og fram, fram og attende. Det er ei travel tid, dette.

Eg kjem visst seint til toppen idag, for eg vart sitjande og sjå på tre maur som har baska med eit strå. Dei jobba på lag, lyfte og skubba, dei har slite so det var reint ilt å sjå. Sumtid gjekk det litt på fram, sumtid stoppa det heile opp. So med eitt, kraup alle tre over strået, snudde seg og tok tak på nytt. Og no drog dei, medan dei gjekk attlengs. Problemet var løyst. Dei før med strået sitt.

Vegen går gjennom ur, so her må ein sjå seg for. Frost og væte har laga mange feller. Brått høyrer eg nokon le. Eg står på ei helle, og under renn ein bekk. Den kjem sprettande so glad ned frå fjellsida. Kva i alle dagar er det som gjer deg so glad, spør eg. Du kan då vel skjønna at eg er glad, klukkler han, eg som har klart å koma meg ut or den sure svartmyra. No skal eg avstad til storåa, og so skal me ut i verda.


Komen opp or ura, går vegen i krinklar og krok, opp om ein stein, nedom eit søkk, so rundt ei fjellnos. Alltid noko nytt for auga. Ikring meg står gran og fora, older og bjørk. Eg spør ei gamal fora: er de vener alle de? Det er klart me er vener, svara ho. Me er då tre alle, so då får det våge seg om me ikkje er same rasen.

No kan eg sovidt høyre omen av Storfossen. Han er nok vassrik no det har regna som mykje. Å jau, men var han mektig idag. God dag, sa eg, du er svær no. Han brølte til svar. Men berre vent, sa eg, snart kjem det nokre karar med kart og måleutstyr av alle slag. Og då får du brått bod om at no skal du vera menneskja sin tenar. So legg dei deg i store røyr so du ser korkje sol eller måne meir. Å du allverda kor han fræste då.

Medan eg ruslar og tenkjer og undrast med, vert eg vår ein liten fugl som har teke til å fylgja meg på ferda. Han kvitrar og syng. Nei det gjer han so men ikkje, han skjener gjer han. Flyg framom meg, attom og over hovudet mitt. Stakkars vesle fjørnøste, du er nok ei lita mamma du. Det fylgjer ank med den stillinga skal eg segje deg i alle slag av liv. Og der ligg reiret, tett med vegen. Oppi tre gapande nebb på nokre duntuster. Slett ikkje so staselege, tykkjer eg, men for vesle fuglemor dei vakraste på jord. Eg finn meg ei god sæte med ryggstø. Jamen var det godt å få setje seg, det kjenner eg tydeleg. Og svolten er eg og. So no skal nista smake.

Her eg sit, har eg so godt utsyn over Mørkedalen. På eine sida solrikt og planterikt. På andre sida mykje bert fjell og sol-laust. I eit søkk på solsida står ei stor gran. Ho breier greinene sine vidt utover, og strekkjer seg som om skydotten som nett no dreg forbi.

I ei bergskorta på andre sida av dalen, står ei gamal, gamal fora. Ho skulle sikkert vore felt for mange år sidan, men kven kan koma til der. Ho har sikra seg soleis. Ho er krokut og skeiv og lutar seg utover bergveggen. Greinene



ser ut som om dei hadde tenkt å veksa seg opp i lyset i starten, men etter som åra har gått og armoda tyngde, har dei bøygde seg i audmjuk resignasjon. Men korkje grana eller fora står der dei står etter eige val. Kven gjer vel det?

Like bortanfor der eg sit, ligg ein rund liten kolle. Reteleg ei tussestove det der, tenkjer eg. Og jamen er det liv og. Eg høyrer tydeleg tusseongen gneldrer og kvin at han vil ut i sola. Tussemor sullar og godsnaqqar. Då kjem det frå Tussefar: No tegjer du gut til tussmørkret kjem, då skal du ut og terga trollet i Storenut. Han er veldig sterk, men dum som ein stut. Det vart stilt i tussehaugen no. Dei er vel vortne samde og har gått til ro.

Men no må eg vidare. Foten ber meg so lett etter kvila. No skal eg over myrheiane. Her er det audt og verhardt. Berre små buskar og myrull. Og den er somen vakker nok. Men eg ser noko som blenkjer burt på ein liten grasflekk. Eg må burt og sjå. Jau, var det ikkje det eg tenkte: Ei tiurfjør, so glinsande fin. Jau her har nok vore elskhugsduell ein tidleg morgon. Med tilskuuarar av blyge småfrøkner i busk og kratt.

Sjå det fine fargespelet i fjellet, og alle dei ulike små mosedotter som har klort seg fast i små sprekkar. Og jamen er her busetnad her og. Bitte små kryp pilar att og fram. Dei har det so travelt. So mykje dei skal vinna over i sitt stutte liv.

Men no flater terrenget seg so det vert lettare å gå. Berre igjennom noko kratt og vier no, so kjem eg ut på eit platå som var målet mitt i dag. Å for eit utsyn. Framfor meg, langt der nede, ligg ei bygd so vakker. Hus og heimar, bøar og åkrar. Og midt gjenom bygda glir elva so stilt. Ho glitrar som eit sylvband i sola. Men snart manner ho seg opp og set utfor både stein og stukk.

Eg sit og ser på vårt so fagre land.

Får hug å takke det oppi hand.

Takke for slik ein vidunderleg dag

Takke for helse og velbehag.

Takke for lufta klår og rein.

Å du kor godt det er å sitje slik i fjellet,
still og heilt ålein.



Med billetter frå vårt byrå,
kan du heile verda nå.



POSTBOKS 260 - 5201 OS - TLF. (05) 30 11 90

BALUS

MØBLAR MED SÆRPREG
Få den store fargekatalogen
gratis hjå møbelhandlaren din

Tlf. (05) 30 05 00 - 5200 Os, Bergen

Vil du ha ein festleg kveld,
kom til Solstrand Fjord Hotel.
Skal du feira bryllaupsfest,
er vårt tilbud sikkert best.



**Skal De ut å reisa, -
eller treng ein lastebil,
ring, eller ta kontakt med
vårt trafikkontor på Osøyro.
Telefon 30 06 10.**



BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L

**GODE TILBOD TIL
ALLE «SAGFØRARAR»**

**SACHS-DOLMAR
Motorsager**



Vi har
sagen
som
dekker alle
formål!

**SACHS
DOLMAR**

S. TVEDT A/S

POSTBOKS 74 - 5201 OS
TELEFON: 30 10 10

*Bad og dusj må famm'en få,
like eins på do å gå.
Arbeid gjer me fort og godt,
i husbankhus som i store
slott.*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat 30 02 55
Kontor 30 15 83
Mobil 094-71461



Skal du pusse opp?

Kjøp verktøyet nå!

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok
der du kan kosa deg med
ei bok.

Me har også seng og bord,
både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Sjøteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

BERG



I sentrum
når det gjelder
bankforretninger.

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80

Roser og dekorasjonsplanter

Erling og Terje Lunde's Gartneri

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28

Me fører varer til dagleg nytte, for deg i hus og for deg i hytte.
Hugs difor å handla i nærbutikk, då støttar du vår grendapolitikk.

Nesjabuens Handelslag

Tlf. 30 50 79

Hegglandsdalens Handelslag

Tlf. 30 99 30

*Vil du sleppa å bli våt,
kjøp deg Askeladden båt.*

ASKELADDEN
BÅTEN FOR ALLE



*Me har alt det som du søker
av skrivesaker og av bøker.*



M. K. OLSEN
Bok- og papirhandel A.s
OSØYRO — TELEFON 3004 30 · 30 10 75

en Sentralbokhandel

*Me har blomar og grøne plantar,
me sender dagleg til mange kantar.*

*Men du kan også henta dei her
og velja ut mellom alt du ser.*

a/s LysSand  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

*Vestlands-
lefsa
til kvardag
og fest,
smakar alltid best*

**Vestlands-
LEFSA**

BØE LEFSEBAKERI A.S

5200 OS - TELEFON (05) 30 03 20 · (05) 30 03 47

Hetlandhus for deg og din familie



BRØDR. HETLAND AS

Postboks 240, 5201 Os — Tlf. 30 05 80 - 30 15 33

Når du treng **BORD** ELLER **SENG**
ELLER EIN **SOFA** TIL **HYGGE** OG **KOS**
Kom til møbelsenteret på Os



OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret 1986:

Leiar: Samson Bogevik — Nestleiar: Anne Margreta Lunde — Kasserar: Mette Samdal — Studieleiar: Thana Rongen — Skrivar: Synneva Bjørkelo.

Bli medlem du òg. Ta kontakt med eit av styremedlemene.

I kvardagslag som til brudlaupsfest
brød og kaker frå oss er best.

NESSE HEIMEBAKERI

Søre Neset — Tlf. 30 52 24

**Det løner seg å ta
turen til**



Halhjem Gartneri

Tlf. 30 51 78

EIN GOD LØNNSKONTO ER BLITT ENNO BETRE



NO 12% RENTE PÅ INNESTÅANDE OVER 50.000.-

Som lønnskotkunde i Sparebanken Vest har du fleire foremonar:

- Du kan utan gebyr betala med sjekkar over kr 400,-
- MiniBank-kort
- Lån eller kreditt, 5 gonger netto månadsløn (inntil kr 50.000)
- Gunstige lånevilkår til innreiing og bustad formål
- Rente på lønnskonto:



SPAREBANKEN VEST

Banken med dei gode tilbud til personar og verksemdar



Hiba gruppa

**Når eit hus du byggja vil,
skal me gjerne hjelpa til.**

hiba hus

ODD TØSDAL A/S

TRELAST OG BYGGEVARER

5200 OS tlf. 05 300250

Nå oppptil
13,5%
på vår
HØGRENTE-
KONTO

Sparerenta *når nye høyder i Vestlandsbanken*

Inntil 13,5% rente!

På vår HØGRENTEKONTO får du:
11,25% på inntil kr. 50.000,-
12,5% på inntil kr. 100.000,-
13,5% på inntil over kr. 100.000,-

Ingen krav til sparetid eller sparesum.

Innskott og uttak kan du gjøre når du vil.

6 gebyrfrie uttak pr. år.

+ gebyrfrie renteuttak.
Ingen oppseisingstid og heile 6 gebyrfrie uttak i året gjer Vestlandsbankens HØGRENTEKONTO til det mest fleksible høgrentetilbod.

Få meir ut av sparepengane -snakk med oss!



VESTLANDSBANKEN